

Statens vegvesen  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 Lillehammer

15.02.2021

[firmapost@vegvesen.no](mailto:firmapost@vegvesen.no)

Merk: Reguleringsplan E39 Ørskogfjellet - Vik

## Merknader – planprogram E39 Ørskogfjellet – Vik

E39 Ørskogfjellet – Vik er ein delstrekning på sambandet mellom Ålesund og Molde. Statens vegvesen (SVV) har utarbeida ein silingsrapport som skal avgrensa antal alternative vegliner. SVV konkluderer med ei tilråding om bruk av trase K2.B, med tunnel direkte frå Ørskogfjellet til Vik og at det er dette alternativet som skal detaljregulerast vidare. Planen er at Vestnes kommunestyre i første omgang skal godkjenna planprogrammet og i neste omgang behandla detaljreguleringsplan.

Gjennom planprogrammet skal den vidare planleggingsprosessen for prosjektet fastsetjast, inkludert at planprogrammet bestemmer kva utredningar som trengst og kva problemstillingar som bør løysast i den vidare planlegginga, samt kva opplegg ein skal ha for informasjon og medverknad.

Det er klargjort at det vil bli utarbeida konsekvensutgreiing for tema landskapsbilde, friluftsliv/ by- og bygdeliv, naturmangfold, kulturarv og naturressursar. Alternativ K2.B omfattar noko dyrka mark, men sannsynlegvis meir dyrkbar mark. Det er hittil ikkje rekna konkret på omfang av tapt matjord.

Det er tidlegare avgjort at E39 også i framtida skal gå over Ørskogfjellet.

Det blir i første omgang planlagt vegbredde på 12,5 m inkludert midtdelar og fartsgrense på 90 km/t. I tunnelen blir det planlagt for vegbredde 10,5m utan midtdelar og 80 km/t. Av omsyn til framtidig ønskje om 4-felts veg blir det regulert for vegbreidde på 20m. I tillegg kjem kantareal.

### Våre kommentarar

Vi støttar Statens vegvesen si tilråding om valg av trase K2.B. På same tid er vi bekymra for konsekvensar for dyrka og dyrkbar jord i forhold til massehandtering, omfang av øvrig trafikkareal, kryss, eventuell tilslutningsveg mot Helland og Tresfjordbrua, samt konsekvensar ved eventuell utviding til 4-feltsveg. Vi håpar på konstruktivt arbeid i forhold til erstatningsareal og ein gjennomarbeida plan for etterbruk av matjord.

Vi viser dessutan til klare signal om å ta omsyn til jordvern i samfunnsplanlegginga og ber om at det blir tatt klare omsyn også i dette prosjektet.

Med helsing

JORDVERN MØRE OG ROMSDAL

Kolbjørn Gaustad

Atle Frantzen